



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 61

(2004–2005)

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus)

*Tilråding frå Utenriksdepartementet 13. mai av 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Bakgrunn

Gjennom europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF er det vedteke eit fleirårig fellesskapsprogram for å fremje europeisk digitalt innhald (eContentplus) (2005-2008). Programmet tek sikte på å gjere digitalt innhald i Europa meir tilgjengeleg og enklare å nytte for borgarar og næringsliv. Vedtaket tok til å gjelde 1. januar 2005.

Ettersom norsk deltaking inneber økonomiske forpliktelser over fleire år, er Stortinget sitt samtykke til godkjenning av avgjerda i EØS-komiteen naudsynt, jf GrL § 26 andre leddet.

Med sikte på at Noreg skal kunne ta del i programmet så tidleg som råd, er det lagt opp til at stortingsproposisjonen vert fremja før avgjerda vert teken i EØS-komiteen.

Utkastet til avgjerd i EØS-komiteen og uoffisiell norsk omsetjing av rådsvedtak nr. 456/2005/EF om innlemming i EØS-avtala av eContentplus følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

2 Nærmare om eContentplus-programmet

eContentplus er eit sentralt verkemiddel i verkeleggjeringa av Lisboa-strategien. Lisboa-strategien er basert på vedtaket i Det europeiske rådet i Lisboa i mars 2000 om å gjere EU til den mest konkurransedyktige, dynamiske og kunnskapsbaserte økonomien i verda på eit berekraftig og sosialt grunnlag. Ei viktig søyle i Lisboa-strategien er EU sin handlingsplan for informasjonssamfunnet, eEurope 2005. eEurope 2005 er eit politisk program og eit overordna rammeverk for mellom anna EU-programma e-Ten, eContentplus, handlingsplanen for sikrare bruk av Internett og for ei rekkje aktivitetar innanfor forskning, forretningsutvikling, utdanning og elektronisk forvaltning (e-Government).

Noreg har gjennom EØS-avtala teke del i dei tre føregåande EU-programma om digitalt innhald: INFO2000 (1996-99), MLIS (Multilingual Information Society) (1997-99) og eContent (2001-2004).

Programmet eContent hadde tre hovudmålsetjingar:

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus)

- Auke tilgang på og auka bruk av digital informasjon frå offentleg sektor.
- Få fleire digitale produkt med fleirspråkleg og fleirkulturelt innhald.
- Auke dynamikken i marknaden for digital informasjon, auke tilgjenge til Internett.

Programmet eContent (2001-2004) hadde eit samla budsjett på 100 millionar euro. Dei største prosjekta kunne få 50 prosent støtte inntil 2,5 millionar euro.

I løpet av programperioden for eContent har til saman 66 norske verksemder/organisasjonar delteke i prosjektsøknader. 12 av desse miljøa har motteke støtte. Den totale norske støttedelen i programperioden var på ca. 2,7 millionar euro, eller ca. 22,8 millionar kroner.

Programmet eContent*plus* tek sikte på å skape gode vilkår for næringsutvikling, og fører vidare på ein meir fokusert måte arbeidet innanfor dei føregåande programma. Tiltaka innanfor eContent*plus* skal vidare utfylle andre igangverande initiativ innanfor EU, og må sjåast i samanheng med mellom anna det 6. rammeprogrammet for forskning og utvikling, St.prp. nr. 16 (2002-2003), rammeprogrammet for kultur, St.prp. nr. 37 (1999-2000), medieprogrammet, St.prp. nr. 56 (2000-2001), utdanningstiltaka, St.prp. nr. 60 og 61 (2003-2004), tiltak for små og mellomstore føretak, St.prp. nr. 5 (1997-1998) og St.prp. nr. 57 (2000-2001) og handlingsplanen eEurope, St.prp. nr. 64 (2000-2001).

I rådsvedtak 456/2005/EF om programmet, blir det peikt på at utviklinga av informasjonssamfunnet og veksten i breiband vil påverke livet til alle borgarar i Europa ved mellom anna å stimulere tilgangen til kunnskap og nye måtar å tileigne seg denne, og på dette viset auke etterspurnaden etter nytt innhald, applikasjonar og tenester.

Vidare blir det vist at tiltak innanfor EU med omsyn til informasjonsinnhald bør ta omsyn til det fleirspråklege og fleirkulturelle særpreget i EU.

Aktivitetane innanfor programmet har små og mellomstore føretak som målgruppe, og er konsentrerte rundt følgjande tre tiltaksområde:

- Tiltak for å betre tilgangen, bruken og vidareføringa av digitalt innhald innanfor det europeiske fellesskapet.
- Tiltak for å leggje til rette for auka kvalitet og for å fremje gode eksempel knytt til digitalt innhald mellom produsentar og brukarar av digitalt innhald på tvers av sektorane.
- Tiltak for å styrkje samarbeid mellom offentlege og private innhaldsprodusentar og bruka-

rar, mellom anna organisasjonar og verksemder som gjev eksisterande innhald auka verdi.

Det blir lagt stor vekt på å auke kunnskapen om kor viktig offentlege data er både økonomisk og samfunnsmessig. Tiltaka skal fremje effektivt samarbeid om bruk av offentleg informasjon på tvers av grensene og mellom privat og offentleg sektor.

Tiltaka skal også oppmuntre til auka bruk av stadfest informasjon (geografiske data) og leggje til rette for alleuropeiske innhaldstenester.

Tiltaksområda i programmet grip i stor grad inn i kvarandre.

Tiltaka er i samsvar med det norske synet på utfordringane for digitalt innhald.

Gjennom planane for eNoreg og Strategi for digitalt innhald 2002-2004 har Noreg aktivt følgd opp initiativet til EU på IT-området generelt og på det elektroniske innhaldsområdet spesielt. Fordi Noreg ønskjer ein aktiv IT-politikk, er det viktig også i fortsetjinga å følgje opp dei programma og initiativa som kjem inn under eContent*plus* og eEurope. Programdeltaking med nasjonale ekspertar er eit viktig ledd i oppfølginga av programmet. Noreg vil ha ein ekspert knytta til sjølve programmet eContent*plus*.

Det nye programmet eContent*plus* vart formelt vedteke i EU 9. mars 2005 ved rådsvedtak 456/2005/EF. eContent*plus* er eit fleirårig program (2005-2008) som tek sikte på å gjere digitalt innhald i Europa meir tilgjengeleg og enklare å nytte for borgarar og næringsliv. På bakgrunn av dette ønskjer Regjeringa å opne for at Noreg også under eContent*plus*-paraplyen tek initiativ til deltaking i program og initiativ som er naturleg knytt til arbeidet med digitalt innhald i eEurope 2005, innanfor dei budsjettrammene som er vedtekne.

2.1 Organisering av programmet

Europakommisjonen skal, med hjelp frå ein eigen komité, ha ansvaret for gjennomføringa av programmet og for samordninga med andre fellesskapsprogram. Kommisjonen skal mellom anna syte for at tiltaka innanfor programmet blir underlagde ei effektiv førehandsvurdering, oppfølging og etterfølgjande vurdering. Vidare skal Kommisjonen vurdere korleis prosjekta er gjennomført og kva verknader gjennomføringa har hatt, for slik å vurdere om dei opphavlege måla er nådd. Dei utvalde mottakarane skal leggje fram ein årleg rapport for Kommisjonen. Det skal leggjast fram ein vurderingsrapport etter to år og når pro-

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus)

grammet er avslutta, mellom anna for Europaparlamentet og Rådet. På grunnlag av rapporten kan Kommisjonen gjere framlegg om tilpassing av retningslinjene for programmet.

Sekretariatet for den norske oppfølginga vil førebels bli lagt til Nærings- og handelsdepartementet, men ein tek sikte på å setje desse oppgåvene ut på anbod. Dei nasjonale aktivitetane vil i første omgang vere knytta til å arrangere informasjonsdagar om utlysing av midlar overfor aktuelle søkjarar, med to utlysingsrundar, og utlegging av relevant informasjon om programmet på aktuelle vevsider.

Innanfor ramma av eContentplus-programmet vil ein nasjonal ekspert frå EFTA/EØS-statane vere knytte til Kommisjonen. Det ligger an til at eksperten kjem frå Noreg, som ein får betalt tilbake frå programmet. Ordninga kjem i tillegg til det reine økonomiske bidraget, men ein gjer eit frådrag i bidraget på ca 90,000 euro for kvar ekspert.

3 Konstitusjonelle tilhøve

For å hindre at Noreg seinkar iverksetjinga av avgjerda, og for å gjere det mogleg for EØS/EFTA-statane å ta del i programmet så tidleg som råd, gjer Regjeringa framlegg om at Stortinget gjev sitt samtykke før avgjerda blir teken i EØS-komiteen. Det vil dermed ikkje vere naudsynt for Noreg å ta atterhald for konstitusjonelle prosedyrar ved vedtakinga. Det er ikkje venta at det vil kome endringar i utkastet til avgjerda i EØS-komiteen. Dersom den endelege avgjerda syner stort avvik frå det utkastet som er lagt fram i denne proposisjonen, vil saka bli lagd fram for Stortinget på nytt. Ein tek sikte på avgjerd i EØS-komiteen i løpet av våren 2005.

4 Avgjerda i EØS-komiteen

Med sikte på deltakinga til EØS-EFTA-statane i arbeidet med eit fellesskapsprogram for å fremje europeisk digitalt innhald (eContentplus), vil avgjerda i EØS-komiteen innehalde ei innleiing og tre artiklar. I innleiinga blir det vist til EØS-avtala, og spesielt til artikkel 86 og 98, som gjer det mogleg å endre vedlegga til avtala gjennom avgjerd i EØS-komiteen.

Artikkel 1 slår fast at protokoll 31 får ei tilføyning om at samarbeidet vert utvida til å omfatte europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/

EF av 9. mars 2005. Artikkel 2 slår fast at avgjerda i EØS-komiteen kan ta til å gjelde frå 1. januar 2005 på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke melding frå alle partane i komiteen i medhald av artikkel 103 i EØS-avtala.

Artikkel 3 slår fast at vedtaket skal kunngjerast i EØS-avdelinga av EØS-tillegget til Tidend for Den europeiske unionen.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det fleirårige EU-programmet eContentplus vil ha ei ramma på til saman 149 millionar euro i tidsrommet 2005-2008. Ved deltaking i programmet vil Noreg ha budsjettmessige plikter under heile denne programperioden.

Noreg vil, med grunnlag i artikkel 82 i EØS-avtala, plikte seg til å gje finansiell støtte til programmet som svarar til om lag 2 prosent av den samla kostnadsramma, dvs. om lag 2,98 millionar euro eller om lag 25,3 millionar kroner (rekna etter kurs 1 euro=8,5 norske kroner). I tillegg kjem Noreg sin andel av administrative kostnader, grovt rekna til om lag 840 000 euro, eller 7,14 millionar kroner. Det vil også komme på utgifter til ein nasjonal ekspert med om lag 800 000 kroner pr. år, til saman 3,2 millionar kroner i programperioden. Vidare vil nasjonal oppfølging (sekretariat) medføre utgifter på om lag 2,4 millionar kroner til. I tillegg kjem utgifter til evaluering av programdeltakinga i etterkant på om lag 1 million kroner. Totale årlege kostnader knytt til programmet utgjer om lag 9,77 millionar kroner, som vil utgjere 39,07 millionar kroner for heile programperioden. Av desse er 3,4 millionar kroner knytta til auka utgifter i Noreg.

Nærings- og handelsdepartementet har ansvaret for den norske deltakinga i programmet, og kostnadene vil verte dekte innanfor den eksisterande budsjettamma til dette departementet (kap.924, post 70) St.prp.nr.1. (2005-2006) i den aktuelle perioden.

For 2005 og 2006 kjem utgiftene til det nye eContentplus-programmet i tillegg til dekking av utgifter til avslutting av det eksisterande eContent-programmet.

6 Vurdering

Informasjonsteknologien får stadig betre rotfeste i vestlege industrinasjonar. Noreg har kome langt

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus)

i utviklinga, og er på topp i verda når det gjeld talet på Internett-brukarar pr. innbyggjar. Utbygginga av breiband og samansmelting av tele-, data- og mediesektorane opnar for ny produkt- og tenesteutvikling på innhaldssida. Utviklinga på feltet er rask og det er viktig å ta del i den. Stimulering av norsk innhaldsproduksjon vil vere naudsynt for å skape eit allsidig digitalt innhald som både tek omsyn til auka verdiskaping på feltet og den norske kulturarven, og som samstundes kan medverke til effektivisering av den offentlege sektoren.

Visjonen og innsatsområda i eContentplus-programmet er i tråd med dette. eContentplus er eit fleirårig program (2005-2008) som tek sikte på å gjere digitalt innhald i Europa meir tilgjengeleg og enklare tilgjengeleg for borgarar og næringsliv.

Deltaking i eContentplus-programmet går difor naturleg inn som ein del av norsk politikk for utvikling av informasjonssamfunnet i Noreg, og blir sett på som nyttig for norske forskingsmiljø og norsk næringsliv. Norsk deltaking i eContentplus vil vere med på å synleggjere norske interesser og aktørar i EU og på den europeiske marknaden, mellom anna ved at norske aktørar dreg nytte av EU-prosjektmidlar.

7 Konklusjon og tilråding

Etter Nærings- og handelsdepartementet sitt syn

vil norsk deltaking i eContentplus-programmet i EU auke medvitet om kor viktig det er å stimulere til norsk digital innhaldsproduksjon. Programmet passar godt saman med viktige norske IT-politiske prioriteringar knytt til næringspolitikken, IT-politikken og fornyinga av den offentlege sektoren. Internasjonalt samarbeid innan forskning og næringsutvikling er her eit viktig supplement til nasjonalt arbeid, og Noreg vil difor ha stor nytte av å ta del i programmet. Nærings- og handelsdepartementet tilrår difor at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus). Utanriksdepartementet er samd i dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus).

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus)

Forslag

**til vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd
i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av
europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars
2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt
innhald i globale nett (eContentplus)**

I

Stortinget samtykkjer i deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/

EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus).

Vedlegg 1

EØS-komiteens beslutning nr. () av () om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlige områder utenfor de fire friheter

Utkast (3.3.2005)

EØS-KOMITEEN HAR –

under henvisning til avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, endret ved protokollen om justering av avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, heretter kalt «avtalen», særlig artikkel 86 og 98, og

på følgende bakgrunn:

1. Avtalens protokoll 31 er endret ved EØS-komiteens beslutning nr. .../... av ... ⁽¹⁾
2. Samarbeidet mellom avtalepartene bør utvides til å omfatte europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om opprettelse av et flerårig fellesskapsprogram for å gjøre digitalt innhold i Europa mer tilgjengelig, mer anvendelig og enklere å utnytte (eContent^{plus}) ⁽²⁾.
3. Avtalens protokoll 31 bør derfor endres for å gjøre et slikt utvidet samarbeid mulig fra 1. januar 2005–

BESLUTTET FØLGENDE:

Artikkel 1

I avtalens protokoll 31 artikkel 2 nr. 5 skal nytt strekpunkt lyde:

«– **32005 D 0456**: Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 456/2005/EF av 9. mars

2005 om opprettelse av et flerårig fellesskapsprogram for å gjøre digitalt innhold i Europa mer tilgjengelig, mer anvendelig og enklere å utnytte (eContent^{plus}) (EUT L 79 av 24.3.2005, s. 1).

Artikkel 2

Denne beslutning trer i kraft dagen etter at EØS-komiteen har mottatt alle meddelelser etter avtalens artikkel 103 nr. 1⁽³⁾.

Den får anvendelse fra 1. januar 2005.

Artikkel 4

Denne beslutning skal kunngjøres i EØS-avdelingen av og EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende*.

Utferdiget i Brussel, [...].

For EØS-komiteen

Formann

[...]

EØS-komiteens sekretærer

[...]

¹ EUT L ...

² EUT L 79 av 24.3.2005, s. 1.

³ Forfatningsrettslige krav angitt.][Ingen forfatningsrettslige krav angitt.]

Vedlegg 2

Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om opprettelse av et flerårig fellesskapsprogram for å gjøre digitalt innhold i Europa mer tilgjengelig, mer anvendelig og enklere å utnytte

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNION HAR —

under henvisning til traktaten om opprettelse av Det europeiske fellesskap, særleg artikkel 157 nr. 3,

under henvisning til forslag fra Kommisjonen, under henvisning til uttalelse fra Den europeiske økonomiske og sosiale komité⁽¹⁾,

etter å ha rådspurt Regionkomiteen,

etter framgangsmåten fastsatt i traktatens artikkel 251⁽²⁾ og

ut fra følgende betraktninger:

1. Utviklingen av informasjonssamfunnet og framveksten av bredbånd vil påvirke livet til alle borgere i Den europeiske union, blant annet ved at de får tilgang til og kan tilegne seg kunnskap på nye måter, noe som vil øke etterspørselen etter nytt innhold, nye anvendelser og nye tjenester.
2. Internett-bruken i Fellesskapet blir stadig mer utbredt. De mulighetene som Internett tilbyr, bør utnyttes slik at hver enkelt borger og organisasjon i Fellesskapet kan dra nytte av de sosiale og økonomiske fordelene ved informasjons- og kunnskapsdeling. Europa er nå klar til å utnytte potensialet i digitalt innhold
3. I konklusjonene fra Det europeiske råds møte i Lisboa 23. og 24. mars 2000 ble det understreket at overgangen til en digital, kunnskapsbasert økonomi, som har vokst fram som følge av nye varer og tjenester, vil bli en betydningsfull faktor for vekst, konkurransevne og arbeidsplasser. Videre ble innholdsindustrienes rolle spesielt anerkjent med hensyn til skaping av til-

leggsverdi ved å utnytte og opprette nett for det europeiske kulturelle mangfoldet.

4. Handlingsplanen e-Europa 2005, som videreutvikler Lisboa-strategien, etterlyser tiltak som vil stimulere framveksten av sikre tjenester og anvendelser samt sikkert innhold via bredbåndsnett, og dermed skape et gunstig klima for private investeringer og skaping av nye arbeidsplasser, for å øke produktiviteten, modernisere offentlige tjenester og gi alle mulighet til å delta i det verdensomspennende informasjonssamfunnet.
5. I Europa er det stadig økning i etterspørselen etter digitalt kvalitetsinnhold med balanserte tilgangs- og brukerrettigheter. Etterspørselen kommer fra et bredt publikum bestående av borgere, studenter, forskere, små og mellomstore bedrifter og andre forretningsbrukere eller personer med særlige behov som ønsker å utvide sin kunnskap, eller «viderebrukere» som ønsker å utnytte digitale innholdsressurser for å etablere tjenester.
6. Aktører innen digitalt innhold omfatter innholdsleverandører (herunder offentlige og private organisasjoner og institusjoner som skaper, samler eller eier digitalt innhold) og innholdsbrukere (herunder organisasjoner og foretak som er sluttbrukere som viderebruker og/eller gir tilleggsverdi til digitalt innhold). Det bør legges særlig vekt på at små og mellomstore bedrifter deltar.
7. I programmet eContent (2001-2004), som ble vedtatt ved rådsvedtak 2001/48/EF⁽³⁾ fremmes utvikling og bruk av europeisk digitalt innhold på Internett og det språklige mangfoldet på europeiske nettsider i informasjonssamfunnet. I Kommisjonens meddelelse av 10. oktober 2003 om vurderingen av eContent midtveis i

¹ EUT C 117 av 30.4.2004, s. 49.

² Europaparlamentsuttalelse av 22. april 2004 (ennå ikke offentliggjort i EUT), Rådets felles holdning av 24. september 2004 (EUT C 25 E av 1.2.2005, s. 19) og Europaparlamentets holdning av 27. januar 2005 (ennå ikke offentliggjort i EUT). Rådsbeslutning av 28. februar 2005.

³ EFT L 14 av 18.1.2002, s. 32.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus)

- programmet, ble det på nytt bekreftet hvor viktig det er å handle på dette området.
8. Teknologiske framskritt gjør det mulig å tilføre innholdet verdi i form av innebygd kunnskap og forbedre samvirkingsevnen på tjenestenivå, noe som er en grunnleggende forutsetning for tilgang til samt bruk og distribusjon av digitalt innhold. Dette er særlig relevant for de områder av offentlig interesse som dette program omfatter.
 9. Fremming av solide forretningsmodeller kommer til å forbedre kontinuiteten i de prosjekter som iverksettes under dette program, og kommer således til å forbedre mulighetene for økt økonomisk gevinst fra tjenester på grunnlag av adgang til og viderebruk av digitalt innhold.
 10. Det er fastsatt lovgivningsrammer for behandling av utfordringene som oppstår i forbindelse med digitalt innhold i informasjonssamfunnet⁽⁴⁾ ⁽⁵⁾ ⁽⁶⁾.
 11. Ulik praksis i de enkelte medlemsstatene utgjør fortsatt en teknisk hindring for utbredt tilgang til samt anvendelse, viderebruk og utnyttelse av informasjon fra offentlig sektor i Fellesskapet.
 12. I tilfeller der det digitale innholdet omfatter personopplysninger, bør bestemmelsene i direktiv 95/46/EF⁽⁷⁾ og direktiv 2002/58/EF⁽⁸⁾ følges, og teknologiene som brukes, bør om mulig styrke personvernet.
 13. Fellesskapstiltak som iverksettes i forbindelse med informasjonsinnhold, bør fremme Fellesskapets flerspråklige og flerkulturelle særheter.
 14. De tiltak som er nødvendig for gjennomføringen av denne beslutning, bør vedtas i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utø-

velsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen⁽⁹⁾.

15. Kommisjonen bør sikre komplementaritet og synergi med beslektede fellesskapstiltak og -programmer, herunder programmer tilknyttet undervisning og kultur samt rammen for europeiske samvirkingsevne.
16. I denne beslutning fastsettes det for hele programmets varighet en finansiell ramme som utgjør det viktigste referansegrunnlaget for budsjettmyndighetene ved den årlige budsjettbehandlingen, som definert i punkt 33 i den tverrinstitusjonelle avtalen av 6. mai 1999 mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om budsjett disiplin og forbedring av den årlige budsjettbehandlingen⁽¹⁰⁾.
17. Ettersom målene for de foreslåtte tiltak, nemlig å gjøre digitalt innhold i Europa mer tilgjengelig, mer anvendelig og enklere å utnytte, ikke i tilstrekkelig grad kan oppnås av medlemsstatene på grunn av spørsmålenes tverrnasjonale karakter, og da de på grunn av tiltakenes europeiske omfang og virkninger derfor bedre kan oppnås på fellesskapsplan, kan Fellesskapet treffe tiltak i samsvar med nærhetsprinsippet som fastsatt i traktatens artikkel 5. I samsvar med forholdsmessighetsprinsippet fastsatt i nevnte artikkel, går dette vedtak ikke lenger enn det som er nødvendig for å nå disse målene

TRUFFET DENNE BESLUTNING:

Artikkel 1

Programmets mål

1. Ved denne beslutning etableres det et fellesskapsprogram for tidsrommet 2005-2008 for å gjøre digitalt innhold i Europa mer tilgjengelig, mer anvendelig og enklere å utnytte, og dermed forenkle skaping og spredning av informasjon — på områder av allmenn interesse — på fellesskapsnivå.
Programmet skal kalles «eContentplus» (heretter kalt «programmet»).
2. For å oppnå programmets overordnede mål, skal følgende tiltaksområder gjennomføres:
 - a) Gjøre det enklere å få tilgang til, anvende og utnytte digitalt innhold på fellesskapsnivå.
 - b) Gjøre det enklere å forbedre kvalitet og god praksis i forbindelse med digitalt innhold

⁴ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2003/98/EF av 17. november 2003 om viderebruk av opplysninger fra offentlig sektor (EUT L 345 av 31.12.2003, s. 90).

⁵ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/29/EF av 22. mai 2001 om harmonisering av visse sider ved opphavsrett og beslektede rettigheter i informasjonssamfunnet (EFT L 167 av 22.6.2001, s. 10).

⁶ Europaparlaments- og rådsdirektiv 96/9/EF av 11. mars 1996 om rettslig vern av databaser (EFT nr. L 77 av 27.3.1996, s. 20).

⁷ Europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF av 24. oktober 1995 om beskyttelse av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysninger og om fri utveksling av slike opplysninger (EFT nr. L 281 av 23.11.1995, s. 31). Direktivet endret ved forordning (EF) nr. 1882/2003 (EUT L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁸ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/58/EF av 12. juli 2002 om behandling av personopplysninger og personvern i sektoren for elektronisk kommunikasjon (direktivet om personvern og elektronisk kommunikasjon) (EFT L 201 av 31.7.2002, s. 37).

⁹ EFT L 184 av 17.7.1999, s. 23.

¹⁰ EFT C 172 av 18.6.1999, s. 1. Endret ved europaparlaments- og rådsbeslutning 2003/429/EF (EUT L 147 av 14.6.2003, s. 25).

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus)

mellom innholdsleverandører og -brukere på tvers av sektorer.

- c) Styrke samarbeidet mellom aktører innen digitalt innhold og øke bevisstheten.

De aktiviteter som skal gjennomføres i henhold til tiltaksområdene, rettes mot områdene innen informasjon fra offentlig sektor og romslige data samt undervisningsmessig, kulturelt og vitenskapelig innhold, som fastsatt i vedlegg I. Programmet skal gjennomføres i henhold til vedlegg II.

Artikkel 2

Deltaking

1. Programmet skal være åpent for deltaking for rettssubjekter som er etablert i medlemsstatene. Programmet skal også være åpent for deltaking for rettssubjekter som er etablerte i søkerstatene i samsvar med nåværende eller framtidige bilaterale avtaler.
2. Deltaking i programmet kan åpnes for deltaking for rettssubjekter etablert i EFTA-stater som er medlemmer av Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS) i samsvar med bestemmelsene i EØS-avtalen.
3. Programmet kan åpnes for deltaking for rettssubjekter etablert i tredjestater og for internasjonale organisasjoner, uten økonomisk støtte fra Fellesskapet, når slik deltaking bidrar effektivt til gjennomføringen av programmet. Beslutningen om å tillate en slik deltaking skal treffes i henhold til framgangsmåten i artikkel 4 nr. 2.

Artikkel 3

Kommisjonens myndighet

1. Kommisjonen skal ha ansvar for gjennomføringen av programmet.
2. Kommisjonen skal utarbeide et arbeidsprogram på grunnlag av denne beslutning.
3. Ved gjennomføringen av dette program, skal Kommisjonen i nært samarbeid med medlemsstatene sikre en overordnet sammenheng og komplementaritet med annen relevant fellesskapspolitikk og andre relevante fellesskapsprogrammer og -tiltak som virker inn på utviklingen og bruken av europeisk digitalt innhold og fremmingen av språklig mangfold i informasjonssamfunnet. Dette gjelder spesielt fellesskapsprogrammene for forskning og teknologisk utvikling, IDA, eTEN, eInclusion, eLearning, Modinis og Safer Internet.

4. Kommisjonen skal handle etter framgangsmåten nevnt i artikkel 4 nr. 2 med hensyn til
 - a) vedtakelse og endringer av arbeidsprogrammet,
 - b) fastsettelse av kriteriene for og innholdet i forslagsinnbydelsene i samsvar med målene angitt i artikkel 1,
 - c) vurdering av prosjekter foreslått i forbindelse med forslagsinnbydelsene til fellesskapsfinansiering, der anslått fellesskapsbidrag er på 1 million euro eller over
 - d) den hver fravikelse fra reglene fastsatt i vedlegg II.
5. Kommisjonen skal underrette komiteen nedsett ved artikkel 4 om framdriften i gjennomføringen av programmet.

Artikkel 5

Overvåking og vurdering

1. For å sikre at fellesskapsstøtten blir brukt effektivt, skal Kommisjonen sørge for at tiltakene i henhold til denne beslutning blir underlagt effektiv forhåndsvurdering, oppfølging og etterfølgende vurdering.
2. Kommisjonen skal overvåke gjennomføringen av prosjektene i programmet. Kommisjonen skal vurdere hvordan prosjektene er blitt utført og virkningen av gjennomføringen, for å vurdere om de opprinnelige målene er nådd.
3. Kommisjonen skal innen midten av 2006 framlegge for Europaparlamentet, Rådet, Den økonomiske og sosiale komité og Regionkomiteen en vurderingsrapport om gjennomføringen av tiltaksområdene nevnt i artikkel 1 nr. 2. Kommisjonen skal i denne forbindelse redegjøre for hvordan beløpet for 2007-2008 samsvarer med det finansielle overslaget. Kommisjonen skal ta de nødvendige skritt i budsjettbehandlingen for 2007-2008 for å sikre at samsvar mellom de årlige bevilgningene og det finansielle overslaget. Kommisjonen skal framlegge en endelig vurderingsrapport ved programmets avslutning.
4. Kommisjonen skal legge fram resultatene av de kvantitative og kvalitative vurderingene for Europaparlamentet og Rådet sammen med eventuelle forslag til endringer av denne beslutning. Resultatene skal oversendes før forslaget til Den europeiske unions alminnelige budsjett for henholdsvis 2007 og 2009 legges fram.

Artikkel 6**Finansiell ramme**

1. Den finansielle rammen for gjennomføringen av de fellesskapstiltak som er fastlagt i denne beslutning, fastsettes herved til 149 millioner euro for tidsrommet 1. januar 2005-31. desember 2008, hvorav 55,6 millioner euro er avsatt til tidsrommet fram til og med 31. desember 2006.
2. For tidsrommet etter 31. desember 2006 skal beløpet anses bekreftet dersom det for denne fase er i samsvar med det finansielle overslaget som gjelder for perioden som innledes i 2007.
3. De årlige bevilgningene for tidsrommet 2005-2008 skal godkjennes av budsjettmyndigheten innenfor rammen av det finansielle overslaget. En veiledende utgiftsfordeling er angitt i vedlegg III.

Utferdiget i Strasbourg, 9. mars 2005.

For Europaparlamentet

For Rådet

J. P. BORRELL FONTELLES
President

N. SCHMIT
Formann

Vedlegg I**Tiltak****I. Innledning**

Det overordnede målet for programmet *eContent-plus* er å gjøre digital innhold i Europa mer tilgjengelig, mer anvendelig og enklere å utnytte, for dermed å forenkle skaping og spredning av informasjon – på områder av allmenn interesse – på fellesskapsnivå.

Programmet vil skape bedre vilkår for tilgang til og styring av digitalt innhold og digitale tjenester i flerspråklige og flerkulturelle miljøer. Det vil øke brukernes valgfrihet og støtte nye samhandlingsformer med kunnskapsberiket digitalt innhold, en funksjon som blir stadig viktigere for å kunne gjøre innhold mer dynamisk og skreddersydd for spesifikke områder (undervisning, kultur, personer med særlige behov osv.).

Programmet vil bane vei for strukturerte rammer for digitalt kvalitetsinnhold i Europa – det europeiske området for digitalt innhold – ved å forenkle overføring av erfaringer, god praksis og overføringsverdi mellom innholdssektorer, innholdsleverandører og -brukere.

Programmet kan grupperes i tre tiltaksområder:

- a) Gjøre det enklere å få tilgang til, anvende og utnytte digitalt innhold på fellesskapsnivå.
- b) Gjøre det enklere å forbedre kvalitet og god praksis i forbindelse med digitalt innhold mellom innholdsleverandører og -brukere på tvers av sektorer.
- c) Styrke samarbeidet mellom aktører innen digitalt innhold og øke bevisstheten.

II. Tiltaksområder

- A) Gjøre det enklere å få tilgang til, anvende og utnytte digitalt innhold på fellesskapsnivå.

Aktivitetene som skal utføres på disse tiltaksområdene, omfatter opprettelse av nett og allianser mellom aktører, noe som oppmuntrer til skaping av nye tjenester.

Målområdene er informasjon fra offentlig sektor, romslige data samt undervisnings- og kulturinnhold.

Hovedfokus skal være på følgende områder:

- a) Støtte bevisstheten om betydningen av informasjon fra offentlig sektor, deres kommersielle verdi og de samfunnsmessige konsekvensene av deres anvendelse. Aktivitetene skal effektivisere transnasjonal anvendelse og utnyttelse av informasjon fra offentlig sektor mellom offentlige organisasjoner og private selskaper, inkludert små og mellomstore bedrifter, for å skape informasjonsprodukter og -tjenester med tilleggsværdi.
- b) Oppmuntre til økt bruk av romslige data i offentlig sektors organer, private selskaper, inkludert små og mellomstore bedrifter, og blant borgere via samarbeidsmekanismer på europeisk nivå. Aktivitetene bør omfatte både tekniske og organisatoriske problemstillinger, slik at dupliserte og utilstrekkelig utviklede geografiske datasett unngås. De bør fremme samvirking på tvers av landegrensene, støtte samordning mellom kartverk og fremme framveksten av nye mobil-tjenester på europeisk plan. De bør også støtte bruk av åpne standarder.
- c) Fremme utbredelsen av åpne europeiske kunnskapsfellesskap med digitale objekter til undervisnings- og forskningsmiljøer samt enkeltpersoner. Aktivitetene skal støtte etableringen av transeuropeiske formidlingstjenester for digitalt læringsinnhold, med tilknyttede forretningsmodeller. Aktivitetene bør også oppmuntre til bruk av

Om samtykke til deltagelse i ei avgjørd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus)

åpne standarder og etablering av store brukergrupper som skal analysere og teste prestandardiserings- og spesifikasjonsmodeller, slik at europeiske flerspråklige og flerkulturelle innslag kan introduseres i arbeidet med å fastsette verdensomfattende standarder for digitalt undervisningsinnhold.

d) Fremme utviklingen av en transeuropeisk informasjonsinfrastruktur for tilgang til og anvendelse av europeiske digitale kulturelle og vitenskapelige ressurser av høy kvalitet ved å kople sammen blant annet virtuelle bibliotek og felles dataminner. Aktivitetene bør omfatte samordnede framgangsmåter for digitalisering og oppbygning av samlinger, bevaring av digitale objekter samt fortegnelser over kulturelle og vitenskapelige digitale ressurser. De bør vidare forbedre tilgangen til digitale kulturelle og vitenskapelige verdier gjennom velfungerende lisensordninger og kollektiv forutgående klarering av rettigheter.

B) Gjøre det enklere å forbedre kvalitet og god praksis i forbindelse med digitalt innhold mellom innholdsleverandører og -brukere på tvers av sektorer.

Aktivitetene som skal utføres på dette tiltaksområdet, skal gjøre det enklere å fastsette og spre hva som er god praksis innen metoder, prosesser og virksomheter, med den hensikt å oppnå bedre kvalitet og effektivitet ved skaping, anvendelse og distribusjon av digitalt innhold.

Disse aktivitetene omfatter eksperimenter som demonstrerer forskjellige aspekter ved digitalt innhold innenfor det eksisterende regelverket – søkbarhet, anvendelighet, mulighet for viderebruk, sammenstillings- og samvirkingsmuligheter – samtidig som man allerede på et tidlig stadium i prosessen tilgodeser krav fra forskjellige målgrupper og markeder i et miljø som blir stadig mer flerspråklig og flerkulturelt, og omfatter dermed mer enn bare lokaliseringsteknologier.

Disse aktivitetene skal utnytte fordelene ved å berike digitalt innhold med maskinlesbare data (ved å bruke semantisk veldefinerte metadata basert på relevant beskrivende terminologi, vokabular og ontologier).

Forsøkene skal utføres gruppert i temaområder. Innsamling, spredning og overføring av oppnådde erfaringer på tvers av sektorer vil være en integrert del av forsøkene.

Målområdene for anvendelsen av resultatene er informasjon fra offentlig sektor, romslige data, digital undervisnings- og kulturinnhold samt vitenskapelig og akademisk digitalt innhold.

C) Styrke samarbeidet mellom aktører innen digitalt innhold og øke bevisstheten

Blant de aktiviteter som skal utføres på disse tiltaksområdene, inngår tiltak som følger opp relevant lovgivning om digitalt innhold og fremmer økt samarbeid mellom aktører innen digitalt innhold samt opplysningskampanjer. Aktivitetene skal fremme utviklingen av verktøy til referansemåling, overvåking og analyse samt konsekvensanalyse av programmet og formidling av resultater. Muligheter og problemer som oppstår, blant annet når det gjelder tilitt, kvalitetsmerking og immaterialrettigheter på undervisningsområdet, skal identifiseres og analyseres, og forslag til løsninger skal legges fram.

Vedlegg II

Midler til gjennomføring av programmet

1. Kommisjonen skal gjennomføre programmet i samsvar med de tekniske spesifikasjonene som er angitt i vedlegg I.
2. Programmet skal gjennomføres ved indirekte tiltak som omfatter følgende:
 - a) Tiltak med kostnadsdeling
 - i. Prosjekter hvis mål er å oppnå ny kunnskap som kan være nyttig i forbindelse med forbedring av eksisterende produkter, prosesser, og/eller tjenester og/eller møte behov i Fellesskapets politikk. Generelt skal fellesskapsfinansieringen ikke overstige 50 % av prosjektets kostnader. Offentlige organer vil få tilbakebetalt inntil 100 % av tilleggskostnadene.
 - ii. Aktiviteter for god praksis innen kunnskapsspredning. De gjennomføres vanligvis gruppert i temaområder og er forbundet i tematiske nett. Fellesskapets bidrag til aktivitetene på dette området begrenses til direkte kostnader som anses som nødvendige eller passende for at de konkrete målene for aktiviteten skal kunne oppnås.
 - iii. Tematiske nett: Nett som knytter sammen en rekke aktører omkring det samme teknologiske og organisatoriske mål for å forenkle samordning av

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsvedtak nr. 456/2005/EF av 9. mars 2005 om fellesskapsprogrammet for å fremje europeisk digitalt innhald i globale nett (eContentplus)

virksomhet og overføring av kunnskap. Tematiske nett kan være knyttet til tiltak innen «god praksis». Det vil bli gitt støtte til støtteberettigede tilleggskostnader for samordning og gjennomføring av nettet. Fellesskapets bidrag kan dekke de støtteberettigede tilleggskostnadene.

b) Oppfølgingstiltak

Oppfølgingstiltak bidrar til gjennomføring av programmet eller til forberedelse av framtidig virksomhet. Tiltak som tar sikte på kommersialisering av produkter, prosesser eller tjenester, markedsføringsvirksomhet og salgsfremmende tiltak, utelukkes.

- i. Undersøkelser til støtte for dette program og til forberedelse av framtidige tiltak.
 - ii. Informasjonsutveksling, konferanser, seminarer, arbeidsgrupper eller andre møter samt styring av grupperte tiltak.
 - iii. Formidlings-, informasjons- og kommunikasjonsvirksomhet.
3. Utvelgelsen av tiltak med kostnadsdeling skal skje blant innsendte søknader basert på forslagsinnbydelser offentliggjort på Kommisjo-

nens nettsted, og i samsvar med de gjeldende finansielle bestemmelsene.

4. Søknader om fellesskapsstøtte bør om nødvendig omfatte en finansieringsplan som gir opplysninger om alle sider ved prosjektets finansiering, herunder den økonomiske støtten som det søkes om fra Fellesskapet, og om enhver annen søknad eller tilsagn om støtte som motas fra andre kilder.
5. Oppfølgingstiltak gjennomføres på grunnlag av anbudsinnbydelser i samsvar med de gjeldende finansielle bestemmelsene.

Vedlegg III

Veiledende utgiftsfordeling

1. Gjøre det enklere å få tilgang til, anvende og utnytte digitalt innhold på fellesskapsnivå, 40–50 %
2. Gjøre det enklere å forbedre kvalitet og god praksis i forbindelse med digitalt innhold mellom innholdsleverandører og –brukere på tvers av sektorer, 45–55 %
3. Styrke samarbeidet mellom aktører innen digitalt innhold og øke bevisstheten, 8–12 %